



LJB AS  
Kirkegaten 3

5036 Bergen

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Torill Slåke	982 98 302	2020/2198-27		06.12.2021

## IGANGSETJINGSLØYVE - TO-TRINNSSØKNAD – delegert vedtak

Tiltak:	Turveg 2-3 m breidde, rasteplasser og grusa opplagsplass ca 200 m2 - Veg Fossberg-Kalvatrebrua inntil 3 m breidde - traktorveg - Kalvatrebrua - til grense for landskapsvernområde – gangveg - Omsbru – grinda (beitet) – inntil 2,4 m vegbreidde – opprusting av eksisterande veg
Gnr/bnr:	88/1
Byggestad/adresse:	5470 Rosendal
Tiltakshavar:	Baroniet Rosendal, Baronivegen 60, 5460 Rosendal
Ansvarleg søkjar:	LJB AS, Kirkegaten 3, 5036 Bergen
Matrikkel:	-

Jf. rammeløyve gitt 31.05.2021, vedtaksnr 2021/335.  
Dette igangsetjingsløyvet gjeld heile tiltaket.

### Delegert vedtaksnr.: 2021/708

*Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 20-3 vert søknad journalført 11.11.2021 og prosjektskildring revidert 05.05.2021 og presisering i e-post 07.12.2021, tilhøyrande planar og teikningar godkjent. Godkjenninga omfattar òg tiltaksklassar, kontrollplanar og ansvarsrettar for funksjonane SØK, PRO og UTF:*

- LJB AS – SØK/PRO
- FanAgro AS – PRO/UTF
- Leganger Maskin AS UTF

### Vilkår:

1. Det må søkjast om bruksløyve/ferdigattest når tiltaket er ferdig.

---

### ***Tiltaket kan igangsetjast straks.***

---

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve. Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og pbl § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

#### **Grunnlag for løyvet**

- Vilkåra i rammeløyvet er innfridd:
  - skredrapport
  - detaljerte teikningar/profilar for deler av tiltaket (der det er ny trase)
- Alle deler av tiltaket er dekkja av ansvar med tilhøyrande ansvarsrett til ansvarlege føretak.

#### **Merknader**

- Dette løyvet er sendt til ansvarleg søkjar som skal varsle utførande og kontrollerande om løyvet og vilkåra til dette. Likeins skal han saman med ansvarleg kontrollerande leggja til rette for gjennomføringa av kontrollen.
- Rekning for saksbehandlorgebyr ifølge vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til tiltakshavar.
- Søknad om ferdigattest med oppdatert gjennomføringsplan og sluttdokumentasjon må sendast kommunen i samsvar med PBL § 21-10 når tiltaket er ferdig. Bygningen må ikkje takast i bruk før ferdigattesten eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: ***www.dibk.no***

*For kommunedirektøren i Kvinnherad*

Torill Slåke  
*Fagkoordinator byggesak*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

#### Kopi til:

Tiltakshavar  
Referatsak forvaltningsutvalet  
Folgefonna nasjonalparkstyre - Statsforvaltaren i Vestland